

Praktisk informasjon omkring Yrke og utdanningsmessa 2019

Torsdag 17. januar 2018 frå kl. 0900. til kl. 15.00.

1. Rigging:

De kan rigga til standen dykkar frå kl. 08.00. torsdag 17. januar.

Yrkesmessa opnar kl. 09.00 for publikum. Det vil vera ein felles informasjon til alle utstillarar kl 09.30 før dørene opnar. Elles sjå utstillarkartet som er klart i starten av januar 2019

2. Nedrigging:

Ingen riggar ned sine standar før siste pulje av elevar er ferdig. Det vil seie **tidlegast kl. 1500** messedagen.

3. Straum/ Internett:

Me ønskjer at **de tar med skøyteleidningar** /padder. Elles legg me ut straum i forhold til det de har oppgitt som behov. Det vil vera mulig å kopla seg opp til trådløst nettverk i Suldalshallen. Det vil vere til stades ein eigen IT-operatør i hallen.

4. Stand:

Ein stand er 2m djup og 2,50 meter brei. Det vil vere 1 bord og 1 stol på alle stands.

Pris pr. stand er kr 1950,- eks.moms. **Kaffe, vatn og frukt er gratis for alle utstillarar heile dagen.**

Vi lagar til ei merking på kvar stand med namn på utstillar. Eit utstillarkart vil bli lagt på

www.utdanningirfylke.no i starten av januar.

TIPS: Gjerne bruk arbeidsglede og skap aktivitetar /konkuransar på standplass. Gjerne i lag med andre næringsaktørar om det passer. Hugs aldersgruppa er frå 14-18 år. Bruk gjerne dykkar eigne lærlingar.

5. Lunsj og mat:

Det vil vere fri kaffi, te vatn og frukt i messeområde heile dagen til dykk som utstillarar.

Utstillarane har felles lunsjpause frå kl. 12.15-13.00

Ynskjer ein å endre påmeldinga på lunsj ta kontakt med Suldal Vekst innan 05. januar 2019. Lunsj kostar kr 195,- eks. mva. pr person.

Utstillar får tilsendt samlefaktura på standleige og lunsj etter opphaldet.

6. Interessestyrte besøk av stand (a 8-10 min):

På messa er det er satt av 3 økter med styrte besøk. Det er nye elevgrupper kvar gong. Innanfor kvar økt skal kvar elev besøke 3 stands. Kwart av besøka er på 10 minutt. **Det vil bli gitt eit signal av speaker når kvart styrt besøk startar og sluttar.** Elevane skal vere på den bestemte standen til signal blir gitt.

Arrangørane set opp ein plan for desse styrte besøka og utstillarane vil få ein oversikt over kven som skal besøke dykkar stand til ei kvar tid. Elevane har førebudd seg til besøka, men det er viktig at utstillar på stand informerer godt. Sjå eige skriv *Råd og vink* og...og *tidigare stilte spørsmål frå elevar*.

Informasjonen blir lagt ut på dykkar stand på messedagen.

Mellom dei styrte besøka vil det bli «fri vandring» i 8-10 minuttar.

Vidaregåande skule, studiespes. vil vandre fritt men få signal for rulling om dei ynskjer det.

7. Andre besøkande

Foreldre, arbeidssøkjande eller andre interesserte er også invitert til å delta på messa. Desse er ikkje interessestyrte. Det er god tid til å ta vare på andre besøkande og.

Lukke til med planlegging av ei god yrkes- og utdanningsmesse